

#10 22/2-95
**Krigsveteranar
frå 1940**

108183

Den 26. april 1940 var andre dagen i det store slaget i Kvam. Denne dagen var ei tropp samansett av soldatar frå Austlandet og Møre under leiing av fenrik Paul Jørgenvåg ute på berget ved Hillingen og skaut på tyskarane i flanken med maskingevær. Ei anna trefning på Hillingen same dagen, førte til at tre norske soldatar fall.

Denne våren vil Gudbrandsdal Forsvarsforening rå restaurert låven der dei tre soldatane fall, og setje opp ei minneplate der. I samband med denne høgtida, og opning av krigsminnesamlinga i Kvam ved den tida, ynskjer vi å koma i kontakt med moglege attlevande veteranar som var med på Hillingen denne dagen. Dei som var med vil hugsast at dei gjekk opp frå Otta, over Vålåsjøen/Rondablikk til Hillingen.

Det er skaffa kontakt med slike veteranar frå Møre, men vi har ennå ikkje fått kontakt med austlendingar som vi veit var med. Vi vonar desse linene kan hjelpe oss til å få med ennå fleire veteranar på høgtida. Moglege opplysningar til:

**Arvid Ødegaard, 2640 Vinstra, tlf.
61 29 12 75.**